


Menighetsbladet



Tustna



Aure



Stemshaug

Nr 4 2024 49. årgang



Lys våken, natt til 1. søndag i advent



Andakten av Per Sigve Særheim



Då tida var fullkommen

Ikke alt som er gull, vil glitre.
 Ikke alle som vandrer, har gått vill.
 Gammel styrke kan bli seig og ei forvitre.
 Dypest rot når frosten ikke til.
 Av asken skal ild bli atter vekket.
 Fra skygger skal lys igjen fly.
 Når nysmidd blir klinge som var knekket
 Skal en kroneløs bli konge på ny.

Dette diktet er henta fra Ringenes Herre. Det er en profeti om Aragorn. Men det kunne like gjerne vært skreve om Jesus.

Jesus kom når tida var fullkommen skriv Paulus. Når alt var klart, då blei Jesus født. Mika sa at han ville bli født i Betlehem, det blei han. Jesaja sa at han vil være Imanuel - Gud med oss, det var han. Sakarja sa at han ville bli gjennombora, det vart han. Daniel sa han ville stå opp fra døden, det gjorde han. Men han kunne ikkje kome før alt var klart.

Eg likar å lage pizza. Når du bakar pizza-

bunn, må du heve deigen. Du må ikkje bake den ut før tida er fullkommen. Sånn er det med Jesus og, han kom når tida var fullkommen. Det sanne lyset, som lyser for kvart menneske, kom nå til verda.

Minnenes album

Mykje brensel måtte til når det som oftast var fleire omnar i husa. Før jul måtte det fyrast til baking, vasking og ikkje minst oppvarming. Sjølve juleveden skulle helst vere hogge og innbåren i god tid før julekvelden, så kunne berre høgtida kome. Her er Ingeborg Havnvik 1892-1987, ved hoggestabben vel 90 år gamal.

Jøran Ulfnes-Skar



Redaktør på prøve

Jeg fikk spørsmålet om jeg var interessert i å prøve meg som redaktør i menighetsbladet, og jeg takket ja til en prøveperiode. Det er heldigvis en dyktig og engasjert gjeng som jobber med menighetsbladet, så jeg slipper å finne ut av alt på én gang.

Det er givende å få være med på å dokumentere det som skjer i kirkene i Aure, men også i lokalsamfunnet. På den måten bidrar menighetsbladet til å ta vare på vår felles historie og kulturarv.

Ingrid Aukan



Liturgi på bokmål eller nynorsk i Stemshaug og Aure?

Vi lager ei røystring blant kyrkjegjengerane i Stemshaug og Aure sokn tidleg i 2025. Stemmesetlar vil bli lagt ut i kyrkjene.

Alle som møter i kyrkjene følgjande datoer kan stemme om dei vil ha liturgien på bokmål eller nynorsk:

Stemshaug: 2. mars og 16. mars

Aure: 16. februar og 23. mars

Helsing komiteen for målform

Opningstid i Julia – 2024

Fredag 27.12. (3 juledag) har vi opent mellom kl 9-12.

Vi holder stengt jul- og nyttårsafta. Vanleg opningstid i frå torsdag 2. januar.

Min salme

ved Ingrid Aukan


Én av mine favorittsalmer er tilfeldigvis også en julesalme. I min familie kaller vi salmen bare for "julverset", men den er kanskje bedre kjent som «Et lite barn så lystelig».

Denne salmen rommer en helt unik historie som strekker seg over 600 år. Teksten er opprinnelig tysk, og stammer fra 1400-tallet. Melodien er i dag en nordmørsk folketone. Da Norge ble selvstendig reiste musikere landet rundt for å samle inn gamle sangskatter som representerte norsk kultur og historie som et tiltak for å bygge den nye, norske nasjonen. Et lite barn så lystelig er én av salmene som ble nedskrevet på denne tida, og det fantes flere ulike melodier. Salmen ble sunget under julegudstjenester over hele landet, men kom ikke med i Landstads reviderte salmebok i 1925. Det kunne vært slutten for julverset, men Henning Sommerro skal ha mye av æren for at salmen har gjenoppstått. Da koret SKRUK spilte inn Et lite barn

så lystelig i 1997, var det nettopp Sommerro som hadde valgt ut og arrangert sangene. Det gamle julverset gjenoppstod, denne gangen med en nordmørsk folketone som melodi. Det var denne versjonen av salmen som senere kom med i den nye salmeboka i 2013.

Min far hentet frem salmen fra glemselen i 2013, og etter det ble den et fast innslag under julemiddagen vår. Da far lå for døden i 2021, sang jeg denne salmen ved sengekanten hans. Dermed ble disse sterke ordene noe av det siste han hørte:

*På ham alt håp vi grunner.
Vi takker deg, o Jesus Krist,
at menneske du ble for visst.
O fri oss fra det onde.*



5 på gata

Spørsmål: Hvilke adventstradisjoner har du?



Ildri Aresvik Hals

Jeg synger «Staffan var en stalledräng» (gammel Luciavise fra Sverige). Selvfølgelig adventsstaken. Den må på plass. Ellers søke ro og stillhet. Rette blikket innover istedenfor utover.



Sini Nopanen

Vi har ikke så veldig kristne tradisjoner. Vi er sammen med familien og lager mat. Juleaktige retter. Vi har finsk julebakst; julestjerner og pepperkaker.



Carol Álmo

Jeg har egentlig ikke noen adventstradisjoner. Vi prøver å ta det med ro, senke skuldrene, få pulsen ned. Det er hektisk ellers i året.



Brage Lindaas

Det vanlige med adventslys og stjerne. Du skulle snakket med Line som styrer i heimen.



Ludvig Lundø

Jeg åpner luken på kalenderen. Ser på julebarneTV. Så tenner jeg lys. Hmm... Så over jeg på julesanger. Nå husker jeg egentlig ikke mer. Eller... Jeg gjør klar til jul, også finner jeg meg juletre og så pynter jeg juletre. Og så husker jeg ikke mer.

Tilbakeblikk på 100-årsjubileet for Aure kyrkje

Tekst og foto: Ivar Husby

Vi har lagt bak oss eit jubileumsår for Aure kyrkje og det er naturleg å stille spørsmålet korleis vart det. Fekk vi gje noko av verdi for kyrkja og folket i Aure? Lat oss ta ei oppsummering av det som har skjedd i jubileumsåret.

Menighetsbladet har vert eit viktig reiskap med gode artiklar om både kyrkjebrannen og bygginga av ny kyrkje. Likeins kom programmet for jubileet til alle i Aure gjennom menighetsbladet.

ABUS

Onsdag 16. oktober hadde vi besøk av elevane



på ABUS i alt 258 stk. oppdelt i puljar. Forteljing om kyrkja ute og inne av Asbjørn Barlaup og lysbilde inne ved Johannes Finset. Mari Fladseth og Elisabeth Finset var med og delte ut gåve til alle elevane

I gjerdet som går frå kyrkjeporten og ned mot sjøen stå det ein bautastein av ukjent opphav. Den er på storleik som Kulisteinen på Smøla men utan synleg skrift. Har vi ein skatt vi ikkje veit om? Den vart i alle fall vist og omtala til elevane frå ABUS.



Barnehage

Torsdag 24. oktober på sjølvaste innviingsdagen for nykyrkja i 1924 var 5-åringane i Aure og Straumsvik barnehagar på kyrkjebesøk. Pga. sjukdomsforfall stilte Asbjørn Barlaup opp på kort varsel. Dei starta med at borna fekk hjelpe til med flaggheising og fortsette med forteljing av Asbjørn ute. Så var det inn i kyrkja til bursdagssong, bollar og saft. Etterpå framvising av bilde og fortelling av Asbjørn. Til slutt fekk alle ein refleksengel i gåve. Mari Fladseth var med og hjelpa til på arrangementet. I alt 13 born og 4 vaksne var med. Det kom ynskje om påskevandring i kyrkja. Det må vi prøve å få til.

Song og salmekvelder

Ein på våren og ein på hausten. Eit samarbeid



mellom jubileumsnemnda og Kyrkjemusikalsk utval. Musikk av Alex, Hans Olav, Peder, Leif Johan og Morten Arve. Leif Johan og Morten Arve gledde oss med solosong. Fine samlingar men ikkje så mykje folk. Nemner at Morten Arve song « Why me Lord » av Kris Kristoffersen. Han døde 28. september og salmekvelden var 3. oktober veka etter. Det var sterkt for mange.

Jubileumsdagen 27. oktober

Festgudsteneste med biskop Ingeborg Midtømme, prost Sindre Stabell Kulø og vår nyttilsette prestevikar Per Sigve Særheim. Felleskor av Aure Songlag og Aure Misjonskor og den nystarta Colstrupkvartetten gledde oss med flott song. Ei fin gudsteneste med dåp, nattverd og mykje folk.



Jubileumsfest i Bergtun

Etter gudstenesta drog vi til Bergtun. Der kom vi til ein festpynta sal med duk, blomster og lys på småbord. På kjøkkenet sto dei klare med karbonadesmørbrød, kaker, og kaffi, eit skikke-

leg festmåltid. Alt gjekk på skinner slik det bruker når Åshild Fladseth og Ragnhild Finset har ansvaret. Det var dekket til ca. 140 stk. og få plasser var ledige.

Formann i soknerådet Atle Ivar Husby leda festen. Han opna med å fortelja om sin far Konrad som var den første som var døypt i nykyrkja og slik hadde han ein tråd tilbake til innvielsesdagen



Vi inviterte Torill Rødsand frå Averøya til jubileumsdagen for å fortelja om sin oldefar Edvard Karlsvik som var byggmeister for kyrkja. Ho fortalde engasjert og levande om sin oldefar. Han var født i Kalsvika på Tustna, men vart sett bort og vaks opp hos byggmeister Hovde i Kristiansund. Han var kyrkjebyggjar, og Edvard var med og lærte kyrkjebyggfaget av han. Edvard vart etter kvart byggmeister. Han hadde hatt ansvar for bygging av mange kyrkjer før han kom til Aure. Veldig interessant å få meire kjennskap til han som bygde kyrkja vår.

Johannes Finset viste lysbilde frå kyrkjebygginga og folkelivet rundt kyrkja frå den tida og fram til i dag. Johannes er ein mestar med bilete, det var ei stor oppleving både å sjå og å høyra. Til slutt var det helsingar. Kommunedirektør Håvard Sagli overrekte blomster frå kommunen

Ordførar Hanne Berit Brekken hadde helsing der ho la vekt på kva kyrkja og kyrkja sin bodskap betydde for folket i Aure og for henne personleg.

Preben Colstrup understreka i helsinga si at viktigaste var bodskapet vi fylte kyrkja med; Bodskapet om Jesus.

Kor I All Verden, Arti Lell og Hans Olav/ Preben gledde oss med flott song. Eg tar med nokre strofer frå songane dei sang som ei helsing og eit kall til oss alle.

KOM TIL DEN HVITMALTE KIRKE. KOM TIL GUDS FREDFOLLE HUS. (Kor I All verden)

JAG BA TIL GUD, O HERRE HJELP MIG, NÆR ALLTING VIL GÅ MIG IMOT. HAN GAV TIL SVAR JAG VIL HJELPA DIG, OG VARA DIG



*KVAR EN DAG.
(Hans Olav/Preben)*

*HERRE GUD DU ER OG BLIVER.
(Felleskoret)*

*HERREN VELSIGNE DEG OG BEVARE DEG.
HERREN LATE SITT ANSIKT LYSE OVER DEG.
HERREN LYFTE SITT ÅSYN PÅ DEG OG GJVE
DEG FRED.
(ARTI Lell)*

Jubileumshefte

Vi har eit hefte om kyrkja i Aure skriva av Knut O Vik til 50-årsjubileet i 1974. Det handlar om kyrkja i Aure frå dei eldste tider og fram til 1974. Nemnda fann at vi ville ha eit hefte om tida frå 1974 til 2024. Veldig mykje har skjedd med utvikling av arbeidsmåtar for å nå folk i alle aldrar og med oppbygging av kyrkjeleg administrasjon desse 50-åra. Det har også skjedd mykje praktisk med vedlikehald og nye ting, mellom anna nytt orgel.

Asbjørn Barlaup og Johannes Finset tok på seg jobben, Asbjørn med tekst og Johannes med bilete.

Heftet vart ferdig til jubileumsdagen 27. oktober og begge hefta vart seld på festen i Bergtun.

Julegåve? Hefta er å få kjøpt på kyrjekontoret. Pris kr 150,- for ett hefte – kr 200,- for begge.

Til slutt vil vi i jubileumsnemnda takka alle som har stilt opp og deltatt i arbeidet med jubileet.

Ein ekstra takk til Asbjørn Barlaup for arbeidet med jubileumsheftet. Det er mange timar som ligg bak heftet.

Jubileumsnemnda: Anne Bjørnholm, Ragnhild Finset, Mari Fladset, Atle Ivar Husby, Ivar Husby

Kjell Pettersen

Førjulsprat med Atle Ivar

- Eg trur folk kosa seg, seier Atle Ivar Husby. Vi sit ei kveldsstund over ein kaffekopp og mimrar litt om stort og smått frå før i tida og opp til no. Akkurat no er det festen på "Bergtun" i Foldfjorden, etter jubileumsgudstenesta, som er emnet over kaffekoppen. Atle Ivar var konferansier der og leia med stø hand og lune replikkar i den fullsette salen. Og folk kosa seg, det kan vi skrive under på, alle vi som var der og feira 100-årsjubileet for Aure-kyrkja.

Atle Ivar var no ikkje møteleiar heilt på slump. Han er soknerådsleiar for Aure sokn og fellesrådsleiar i dei tre sokna i kommunen. For den som er litt ukjent i det terrenget, kan vi seie at soknerådet styrer med det reint kyrkjelege, og fellesrådet tek for seg dei praktiske sakene, som vedlikehald og investeringar i og omkring kyrkjene og på gravplassane. Å vere leiar for begge råda krev sin mann, så han stilte no helst som listefyll – etter noko ven-skapeleg press frå fetter Ivar Husby. Men så var det Atle Ivar, av alle kring bordet, som hadde færrast orsakingar å kome med for ikkje å vere leiar. Så da vart det no slik, humrar han.



Aurgjelding

Han er ekte aurgjelding, fødd på sjukehuset i Kristiansund, som den yngste av dei tre borna til Margot og Konrad Husby (store-søster Anne Margrete vart fødd på loftet på ein av Gresset-gardane, storebror Tore i huset til Ingeborg og Peder Berg på "Halsen" over tunnelen). Dei tre søskena

vaks opp på "Ormsetekra" like oppom barneskulen. Det var gode og trygge barneår, sjølv om mor Margot av og til måtte ta ein tur oppom Aurbuslettet og Flatelva når Aure-elva gjekk stri, og borna ikkje var komne heim til måls.

Atle Ivar vart telemontør og arbeidde først i Surnadal, med Johan Petter Ormset som næraste overordna. Ei triveleg tid, minnest Atle Ivar. Han arbeidde så eit års tid i Orkdal og på Kyrksæterøra. Så var han fleire år i Skien, før han i 2005 flytta heim til Aure som fast tilsett hos Belsvik Elektro på Kyrksæterøra. I 2016 vart han så tilsett som vaktmeister og elektriker i Aure kommune. Her bor han nede ved "Meieriet" med flott utsikt over Aursundet.

Trivsel

Skilnaden på Siljan/Skien og Aure er no først og fremst naturen, på Austlandet sakna han fjord og fjell, glad i naturen som han er. Han har vore eit par gongar på Galdhøpiggen og ein gong på Preikestolen.

Men naturen her i Aure er òg flott, tykkjer Atle Ivar, han frydar seg over å gå fjelltur med vener og med hunden Odin. Dei to borna og tre barneborna pluss eit bonus-barnebarn bor i Siljan, og når nokre av dei er på besøk, er det fint å ta ein tur med båten, til fiske og krabbefangst. Men elles er no den båten ein typisk "hagecruiser" som heile vinteren står parkert i hagen hos mor Margot, humrar han.

Det er så godt at folk er glade i kyrkja, tykkjer Atle Ivar. Han er glad i å synge, var med i songkor i Siljan og syng no bass i Aure Songlag. Og var sjølvsgatt med i felle-skoret på jubileumsgudstenesta. Det er flott at interessa for å vere med i kor har teke seg opp i bygda, seier han. Om han har ein favorittsalme? Ja, "Blå salme" av Erik Bye er han glad i. Og av dei mange vakre julesongane våre er det den eldgamle "In dulci jubilo" han likar spesielt godt, altså "Jeg synger julekvad".

Asbjørn Barlaup
Foto: Elisabeth Finset

Syng jula inn

Det ble en hyggelig ettermiddag i Stemshaug kirke første søndag i advent. Stemshaug sokneråd og kyrkjemusikalsk utvalg arrangerte Syng jula inn, og arrangementet ble en stor suksess. Over 50 personer møtte opp, og det var god stemning. Mange kom med positive tilbakemeldinger.

Før har det pleid å være adventsgudstjeneste både på Vihals og Nordlandet, men nå har vi forhåpentligvis fått en ny adventstradisjon.

Markering for verdstdagen for psykisk helse

10. oktober var verdstdagen for psykisk helse. Aure sokn og diakonalutvalet arrangerte markering i Aure kyrkje for første gang, med positiv støtte frå stab-en. 14 deltakarar møtte opp.



Per Sigve hadde ord for dagen. Han presenterte fakta på korleis den norske befolkninga har det i 2024. Gode ord og eksempel fra bibelen høyrer med. Elia var nevnt som eksempel om eit menneske som opplevde motstand.


Ellers var det høve for stillheit, bøn, eller å høyre orgeltonar frå Alexey. Det vart skreve bønelappar og tennt lys .

Me fekk tilbakemelding frå deltakarar om at det var godt å vere i kyrkja, og at dei kunne kjenne på ei kjensle av fred. Det er godt å høyre at det var betydningsfullt for enkelte. Det er sannsynlig at dette er et tilbod vi kan utvikle vidare og gjenta fleire gongar.

Takk til alle som deltok!

Mari Fladseth





Babysang

Det har vært arrangert babysang på Aure misjonshus også denne høsten. Åtte babyer med sine mammaer har vært innom. Vi starter med en sangstund med sanger om kroppen, gamle sangskatter, litt babysamba og sanger med kristent innhold. Det blir også litt trim for mødrene. Etterpå spiser vi lunsj i lag. Takk for fine samlinger til dere som har vært med. Det planlegges nye samlinger til våren. Følg med på facebooksiden: «Trosopplæringen i Aure», og meld deg på.



KIRKEROTTENE

Det blir forestilling med kirkerottene 22. mars i Aure kyrkje. Håper mange vil komme på det!




KIRKEKINO

18. november var alle 5-åringer i Aure og Smøla invitert til kirkekino i Gullstein kirke med filmen «kirkerottene». Ingen Smølaværingene tok turen, men det gjorde barn fra alle de tre kirkene våre i Aure. Hele 17 barn med foreldre eller besteforeldre deltok på dette. Vi hadde en liten samlingsstund før vi så filmen på lerret og koste oss med popcorn og brus eller iste. Litt godteri ble det også, og polarbrød som kveldsmat før vi dro hjem. Takk til gode hjelpere fra Smøla; Judy, Vika og Petro. Til våren kommer kirkerottene og skal ha forestilling i kirka. Det blir spennende!

Tekst og Foto: Elisabeth Finset

Flott oppmøte på kirkekinoen. Ikke alle kom med på bildet engang.





Lys våken

Det er ikke mange ganger i livet man får muligheten til å overnatte i kirka, var det ei mor som sa, og det er helt sant. Tenk så spennende! Det var god stemning i Aure kyrkje da 16 11-åringer ankom kirka lørdag 30. november med blant annet sovepose og liggeunderlag i bagasjen.

Med høy trivselsfaktor ble det både samlingsstund, sang, boller, skattejakt, hobbyverksted, 50-leken med premie, festmåltid og mange runder gjemsel i kirkerommet. Etter en kort natt og frokost, ble det hele avsluttet med «SUPERsøndag» kl 11 der lys våken – gjengen deltok med alt fra ringing i kirkeklokker til å lede samlingsbønn. Prest Per hadde øvd inn dramatisering med dem som de



fremførte samt sangen «livsglede». De var veldig dyktige og bidro til at det ble en flott stund i kirka.



Navnet Lys våken handler om at vi skal være våkne overfor Gud, hverandre og oss selv. Ikke minst kan vi oppleve at Gud er Lys våken for oss. Advent handler jo nettopp om lyset som kom til verden, og at han var en annerledes konge. Dette feiret vi – i tillegg til at 1. søndag i advent markerer starten på et nytt kirkeår. Det ble feiret med festmåltid i raudstua etterfulgt av stjerneskudd.

Tusen takk til lederne Vinjar Krutvik, Ingeborg Sundsby, Trygve Barlaup, Erlend Mortensen Landrø og Bodil Stensby som var som ledere. Flere foreldre og Mari Fladseth hjalp til med med måltidene og Debbie Vingsnes stilte som nattevakt! Tusen takk!

Tekst og foto: Elisabeth Finset



Utdeling av 2-årsbok og 4-årsbok



17. november i Gullstein kirke.



24. november i Stemshaug kyrkje.



1. desember i Aure kyrkje. Bare 4-åringene som ble med på bildet her.

På SUPERSøndagene ble det utdelt bøker til 2 og 4-åringene i kirkene våre. Gjennom disse bøkene håper vi at barna kan få et møte med den kristne troen. De er fine å bruke til høytlesing i lag med barna i sofakroken, på sengekanten eller en annen plass. Det ble noen supre søndager. Spesielt vil eg nevne de to tweensa; Mia Torset og Maria Ramsvik som var med som forsangere i Stemshaug. Det var SUPERbra
Om du og ditt barn ikke hadde anledning til å møte opp på gudstjenesten men ønsker å få boken, er det bare å stikke innom kirkekontoret i åpningstidene.

HalloVenn 31. oktober

HalloVenn ble en suksess i år også! Takket være sponsorer og dyktige 10. klassinger ved ABUS og TBUS med foreldre, kunne vi lage til en artig ettermiddag for 60 barn på Leira forsamlingshus og 185 barn i Aure Arena. Takk for innsats av hjelpere og til alle som møtte opp.

Hilsen trosopplæringen



Takk til alle som støtta HalloVenn 2024

Hjelp til kvinner og born i Spania

Katy og Hanna

På Centro Sarepta i kommunen l'Alfàz de Pi i Spania foregår fleire aktivitetar, som evangelisering og ymse typar leirar for born, unge og vaksne, og bibelundervisning lokalt og på nett, på norsk og spansk. Og hjelp til unge som har ein krevande livssituasjon. To av dei som tek hand om dette, er Katerin – til dagleg Katy – opprinneleg frå Bolivia, og Hanna frå Namsos. I tett samarbeid med kommunen driv dei leksehjelp for elevar som elles ikkje får dette tilbodet. Mange kjem frå eit hardt og farefullt liv i Nord-Afrika. Og utan midlar til å betale for tenester som t.d. leksehjelp. I fire år har dette samarbeidet no vart.

Hjarteekspressen

Eit anna tiltak som Misjon Sarepta samarbeider med, er Expreso de Corasòn, "Hjarteekspressen" der naudlidande i landet får hjelp til det aller mest nadsynte i kvardagen. No mot jul har "Hjarteekspressen" avtale med bedrifter om bidrag, og ein kan kjøpe julegaver til vanskelegstilte born, eller ein kan – slik som på Centro Sarepta – leggje pengegaver i konvoluttar på juletreet, der det utanpå konvoluttan står t.d. "Jente 11 år". Så har ein litt peiling på mottakaren.

Sylvia

Nytt av året er at Centro Sarepta opnar dørene for kvinner og born som har opplevd vald og harde vilkår i heimen, og der far i huset enten berre har stukke av eller rett og slett rømt tilbake til heimlandet i Nord-Afrika. Ei helg i juni og ein leir no i desember er eit forsøk på å gje desse eit pusterom i ein tøff kvardag. Sylvia, som – uavhengig av Misjon Sarepta - driv eit utstrakt arbeid mellom desse, meiner at Centro Sarepta er ein makelaus plass i heile Spania til eit slikt formål. Slik går hjelp til trengande og vitnemålet om Jesus hand i hand i Spania.



Asbjørn Barlaup

Julekonsert Aure Kyrkje Søndag 22. desember 2024 kl. 15:00



Kor i all verden - Arti Læll - Aure Musikkorps
Aure Misjonskor - Aure Songlag - Alex Kurbanov

Solistar: Ingeborg Aukan - Anna O. Hjelen
Hans Olav Husby, Trygve Barlaup, Øystein Barlaup



Velkommen til musikalsk førjulsstemning

Ingen inngangsbillett, men takker for ei gåve til arrangement ved utgangane eller Vipps: 509300

Arr.: Aure Songlag

SJØSIDEN
FRISØR
Bente L.
Kristiansen Istad
Mjosundet
Telefon 479 55 426

COOP
vikhals
Dagligvarer, bensin, diesel
6697 Vihals – Tlf 71 64 56 45

Vi arrangerer

- * Barsedåp
- * Konfirmasjon
- * Bryllup
- * Bursdager
- * Minnesamvær
- * Catering



Tlf 716 46 238

S MASKIN A/S
www.smaskin.no

Bt BYGGtorget
BYGGVAREHUSET TENNHAUGEN AS

Har du byggeplaner?

Vi er forhandler av Husmenyen og Hyttemenyen

Vi forhandler:

- Arbeidsklær og verneutstyr
- Hus, hytter og garasjer
- Kjøkken, bad og garderobe
- Lås og beslag
- Maling, tapet og gulvbelegg
- Parkett og laminat
- Trelast og byggevarer
- Verktøy og redskaper
- Vinduer og dører

Gode tilbud på impregnermaterialer. Varebringning etter avtale.

Åpningstider:
Mandag - fredag: 07:00 - 17:00
Lørdag: 09:00 - 14:00

Adresse: Tennhaugen Industriområde,
6699 Kjorsvikbugen
Telefon: 71 64 53 20 - Faks: 71 64 53 21
E-post: byggvarehuset@c2i.net

BUNNPRIS

Aure

09 - 22 (20)

Tlf 71 64 62 70

Blomster og gaver i Aure!

- sesongens blomster og planter
- spennende gavebutikk
- busker, trær, stauder.

Vi bringer!

| | | |
|---|---|-------------|
| + | Vi leverer alt til begravelser i Aure og Stemshaug. Frakt kr 50,- | ÅPENT |
| | | ma-to 10-17 |
| | | Fre 10-18 |
| | | Lør 10-15 |

Velkommen til Vihals
Flora Idé AS

– Jøran Ulfsnes-Skar –
gartner og dekoratør
Tlf 716 46 500 – 926 81 668

Nybygg, rehabilitering, mur- og betongarbeider, puss- og flisarbeider, kjerneboring, betongsaging, graving.

Glamstad Bygg as
6690 Aure Tlf. 71 64 66 60

Klær Strand
AURE

Skipnes Mek. Verksted AS



6697 Vihals
Tlf 71 64 56 41
Faks 71 64 56 67
Mobil 957 90 708

AURE BIL OG FRITID

Din naturlige samarbeidspartner ved kjøp og service på:

- Bil
- Båt og båtmotor
- Caravan
- ATV
- Tilhenger
- Skog- og hageprodukter
- Verksted for bil, caravan, marine, ATV, landbruk, småmaskiner, EU-kontroll + + +
- Bilpleie
- Karosseri/lakk

Ta Kontakt med oss for en hyggelig handel.

Tlf: 48 48 83 48
E-post: post@arebilogfritid.no
Nettside: www.arebilogfritid.no
Facebook: Aurebilogfritid

BERTELSEN GRAVFERD
Varm - åpen - trygg

Ditt lokale Heder byrå i
Aure - Heim - Rindal - Smøla - Surnadal

Tlf døgnvakt: 72 45 11 11
post@bertelsen-bgr.no
bertelsen-bgr.no

Nye regler for gravlys på gravplassene

Fra 2025 er det ikke lengre lov med løse gravlys og fakkelbokser på gravplassene i Aure. Begrunnelsen er hensynet til dyr og miljø.

Aure kirkelige fellesråd, som er gravferdsmyndigheten i Aure kommune vedtatt et forbud mot løse lykter og fakkelbokser

FORTSATT LOV MED GRAVLYS

Det er fortsatt lov med lykter på gravplassene:

- Lykter av glass (de store tunge, ofte hjerteformede)
- Lys i en egnet enhet som er festet i bakken eller minnesmerket.

Da får ikke fuglene disse med seg.

Om det er noen spørsmål til dette, så er det bare å spørre en av våre ansatte ute på gravplassene, eller ringe oss på 716 46251. Sammen kan vi gjøre en forskjell.

-kirkevergen



Ildtopper til jul

I Aure har det vært tradisjon at kirken ved diakoniutvalget har delt ut julestjerner til pårørende som har mistet en kjær person i løpet av det siste året. Men på grunn av økning i allergier blir det i år en endring på dette og de vil dele ut ildtopper istedenfor. På Tustna er det Helselaget som deler ut blomst til de pårørende, mens diakoniutvalget gir til jublant-er. Ta godt imot dem når de kommer.



Sangandakter ved diakoniutvalget

Tirsd. 17. desember kl 16:30 – Aure sjukeheim, Morten Arve Gjerde og Torbjørn Gjerde.

Julaften tirsd. 24. desember kl 11:00 Solbakken, Arne Mastad.

Julaften tirs. 24. desember kl 12:15 Tustna omsorgsbolig, Leif Johan Birkelund.

Elisabeth Finset



Livets gang

Aure kyrkje

Døpte:

29.09.24 Iver Glomstad Enaasen
 29.09.24 Ludvig Hage Myren
 29.09.24 Ola Hage Myren
 27.10.24 Ingmar Oldervik Lystad

Vigde:

21.09.24 Nina Berge og Hans-Olav
 Kalvik Slætta

Døde:

10.10.24 Svein Ervin Nilsen f. 1948
 14.11.24 Jorunn Torbjørg Aas f. 1932

Stemshaug kyrkje

Døpte:

20.10.24 Emil Skar Johansen
 24.11.24 Konrad Metliås Tetlie

Gullstein kirke

Døpte:

17.11.24 Daniel Fagermo Golmen

Døde:

28.09.24 Daniel Kåre Golmen f. 1946
 24.10.24 Signe Norunn Solbak f. 1931
 04.11.24 Ole Henriksø f. 1935

Retting

Tustna

Døde:

15.4.24 Olav Inge Alsvik

Kontaktinformasjon

Adresse:
 Aursundsvegen 147
 6690 Aure
 post@aukekyrkje.no

Kyrkjekontoret, Aure

Tlf: 71646251
 Kontortid:
 Ty-, to-, og fredag
 kl 0900-1300
 www.aukekyrkje.no

Telefonar:

Kyrkjeverje:
 Judith Bjørk:
 924 35 280
 Prestevikar:
 Per Sigve Særheim: 984 02 568

Organist:
 Alexey Kurbanov:
 924 30 113

Kyrkjetenar / Gravplassarbeidar
 Roger Steen:
 468 62 240

Kristian Husby:
 942 79 958

Reinhaldar: Kari Anita Kallandsvik

Sekretær:
 Judy Ranges
 tlf: 479 75 472 (vikar)
 Dordi Signe Oldervik
 479 75 472 (permisjon)

Menighetspedagog / Sekretær
 Elisabeth Finset: 479 75 085

Bladstyre:

Ingrid Aukan: 943 66 957
 Asbjørn Barlaup: 482 37 889
 Miriam Finset Ingvaldsen: 918 11 325
 Marit Klungen, Jøran Ulfnes-Skar,
 Gunn Randi Fosslund og
 Judith Susanne Bjørk.

Menighetsbladet kontonr.

4068.30.04415
 VIPPS: 611170

Trykk:
 Fagtrykk Orkla AS

Vareminnesider.no – dødsannonser fra heile landet

GÅVER TIL KYRKJELYDEN - nye bankkontoar frå 01.01.2024

Dersom nokon har lyst til å gje ei gåve til arbeidet i kyrkjelyden, er det høve til det. Dette kan være minnegåve eller ønskje om å støtte frivillig arbeid, som t.d. barne- og ungdomsarbeid eller besøksteneste.

Kyrkjelydsarbeidet i Aure sokn/ barne- og ungdomsarbeid
 *3930 18 13493 Vipps: 119778

Kyrkjelydsarbeidet i Stemshaug sokn/ barne- og ungdomsarbeid
 *3930 18 13523 Vipps: 119784

Menighetsarbeidet i Tustna sokn/ barne- og ungdomsarbeid
 *3930 18 13531 Vipps: 119785

Aure Blomsterfond (til å gjere kyrkjer og kyrkjegardar finare)
 *3930 18 17049

Stemshaug Blomsterfond (til å gjere kyrkjer og kyrkjegardar finare)

*3930 18 17138

Diakoniutvalet

*3930 18 16980 Vipps: 611293

Kyrkjemusikalsk arbeid

*3930 18 17014

Konfirmantarbeidet

*3930 18 17022

Menighetsbladet

* 3930 18 17065 Vipps: 611170



ØYVILT

6694 Foldfjorden

TLF: 915 75 803

Vilt-Fisk-Fiskemat

Ring oss på
 481 57 263 / 915 75 803
 for en hyggelig prat.



Vi tilbyr catering til alle anledninger

- Dåp
- Konfirmasjon
- Minnesamvær
- Bryllup
- Møtemat og lunsjer

Vi kan tilby en variasjon av retter; koldtbord, tapas, snitter, varmretter og desserter.




Gudstjenester

Med atterhald om endringar
– følg med i aviser og oppslag og på
websiden www.aurekyrkje.no

| | | | |
|------------|--------------------|----------------------|---|
| 24.12.2024 | 13:00 | Gullstein kirke | Julaftengudstjeneste |
| 24.12.2024 | 15:00 | Aure kyrkje | Julaftengudstjeneste |
| 25.12.2024 | 12:00 | Stemshaug kyrkje | Høgtidsgudstjeneste |
| 25.12.2024 | 16:00 | Aure kyrkje | Høgtidsgudstjeneste |
| 05-01-25 | ingen gudstjeneste | | |
| 12-01-25 | 11:00 | Gullstein kirke | Høgmesse |
| 19-01-25 | 11:00 | Aure kyrkje | Høgmesse |
| 26-01-25 | 11:00 | Stemshaug kyrkje | Høgmesse |
| 02-02-25 | ingen gudstjeneste | | |
| 09-02-25 | 11:00 | Gullstein kirke | Familiegudstjeneste med utdeling av bibler til 5. klassinger |
| 16-02-25 | 11:00 | Aure kyrkje | Familiegudstjeneste - Bibeldagen med utdeling av bibler til 5. klassinger |
| 23-02-25 | ingen gudstjeneste | | |
| 02-03-25 | 11:00 | Stemshaug kyrkje | Familiegudstjeneste med utdeling av Bibler til 5. klassinger |
| 09-03-25 | 11:00 | Gullstein kirke | Høgmesse etterfulgt av årsmøte |
| 16-03-25 | 11:00 | Stemshaug kyrkje | Høgmesse etterfulgt av årsmøte |
| 23-03-25 | 11:00 | Aure kyrkje | Høgmesse etterfulgt av årsmøte |
| 30-03-25 | ingen gudstjeneste | | |
| 06-04-25 | 11:00 | Stemshaug kyrkje | Familiegudstjeneste med tårnagenter |
| 13-04-25 | 12:00 | Skihytta Foldfjorden | Friluftsgudstjeneste - Palmesøndag |



Ivar Bakk og Ronja Eikeset Bakk ble viet 1. juni 2024 i Stemshaug kyrkje. Også avbildet er Isak Eikeset Bakk, Peder Eikeset Bakk, Elsa Langholm Bakk og Even Eikeset Bakk.



Nina Berge og Hans-Olav Kalvik Slætta ble viet i Aure kyrkje 21. september 2024.



Lisabeth Finset og Per Sigve Særheim giftet seg 10. august 2024 i Aure kyrkje.

Returadresse:
Menighetsblad
v/ Aure kyrkjekontor
Aursundvegen 147
6690 Aure



Benjamin Stormyr, Emma Sofie Stormyr, Theodor Emilian Stormyr, Emil Johan Stormyr (dåpsbarnet), Sara Eileen Kristiansen døpt 17.3.24 i Aure kyrkje.



Bilde fra Tobias sin dåp 16.06.24. Fra venstre Julie, Tobias, Theo og Jens Kristian.




Daniel Fagermo Golmen, døpt 17.11.24. i Gullstein kirke.



Fra venstre; presten Erik Blomstrøm, dåpsbarnet Emil Skar Johansen, mor Line Skar, far Asbjørn Johansen, storesøster Ebba Skar Johansen -døpt 20. okt i Stemshaug kyrkje.



Kurts Kristofer Antonovs døpt i Stemshaug 30.06.24.



Ingmar Oldervik Lystad med familie - døpt 27.10.24 i Aure kyrkje.



Konrad Metliås Tetlie døpt 24.11.24 i Stemshaug av Per Sigve Særheim med fadderne Robert Rajala, Sara Metliås, Pia Metliås, Mia Myren, Monja Metliås og Stig Tetlie.



Ola og Ludvig Hage Myren med faren Marius Myren Ertvaag og moren Lillian Marie Aarnes Hage døpt i Aure kyrkje 29.9.24.